

**NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 10/2017,
- Kunnskap for framtida.**
www.hivolda.no

Utdanningspris til Arnfinn Kjelland

Den årlege prisen for kvalitet i utdanninga går i 2017 til dosent Arnfinn Kjelland ved institutt for historie, avdeling for samfunnsfag og historie. Prisen vil bli delt ut på julebordet 8. november.

Prisen vart tildelt av styret etter innstilling frå Strategisk studienemnd. Les meir om statuttar for prisen:

<http://www.hivolda.no/hivolda/om-hogskulen/kvalitetsarbeid/pris-for-kvalitet-i-utdanninga>

Arnfinn Kjelland på våre nettsider:

<http://www.hivolda.no/hivolda/om-hogskulen/sok-etter-tilsette/?&displayitem=20&module=admin>

Omorganisering av Kontor for samfunnskontakt og FoU

Ola Teige, leiar for kontor for samfunnskontakt har sagt opp stillinga og teke i mot ny stilling som førsteamanuensis i historie. I ein mellomperiode vil rådgjevar Terese Balsnes vere leiar for kontoret. FoU-aktivitetane vil bli skilt ut frå kontor for samfunnskontakt og det vil bli lyst ut ei ny stilling som forskningssjef som blir leiar for felles FoU-arbeid ved Høgskulen i Volda.

Oppdatert organisasjonskart for Høgskulen i Volda

<http://www.hivolda.no/hivolda/om-hogskulen/styre-og-leiing/organisasjonskart>

2.000 deltok på Forskningsdagane 2017

Høgskulen i Volda hadde rekordmange arrangement under årets forskingsdagar, og rådgjevar Geir Tangen opplyser at det deltok ca 2.000 personar på arrangementa. Det har aldri delteke fleire enn i år.

Meir om forskingsdagane: <http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5930&module=news>

Skal du ha videokonferanse? Test utstyret i god tid

Det har vore tekniske problem med å gjennomføre møte/videokonferansar med eksterne deltakarar. Eit generelt råd er å teste utstyret i god tid før møtet skal haldast - og med dei same maskinane som skal brukast på møtet. IT har gjort tiltak som skal ordne tekniske problem hos oss, men uansett er det lurt å sette opp møtet i god tid for å avdekke eventuelle problem hos eksterne møtedeltakarar.

Tommelfingerregelen kan vere å ha rigga alt minst ein halvtime før møtet skal ta til.

Julebord 8. desember

Avdeling for samfunnsfag arrangerer julebordet for 2017, og det skal skje fredag 8. desember.

Arrangementsnemnda kjem tilbake med meir informasjon og påmelding seinare.

Sikre siden - nettside for tryggleik

Sikresiden.no er ein mobiltilpassa nettstad. Den gir brukarvenleg opplæring og råd om kva du skal gjere i ein krisesituasjon. Du må likevel alltid sjølv vurdere kva som er best å gjere når du står midt opp i det.

"Sikre siden" er spesielt tilpassa studenter og tilsette på universitet og høgskuler, blant anna ved at lokalt naudnummer i Volda er lett tilgjengeleg. Informasjonen er på bokmål og engelsk.

Under sidene <https://www.sikresiden.no/materiell> finn du «Oppskrift på å legge sikresiden-ikonet som snarvei på heim-skjerm /startskjerm» på din mobil. Peder Sefland er lokal redaktør og kan legge inn informasjon som er særleg relevant for Volda.

Meir om Sikre siden: <http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5931&module=news>

Vellukka karrieredagar

I løpet av to dagar var rundt 700 elevar frå ungdomsskulane på Søre Sunnmøre innom høgskulen på årets Karrieredagar, og elevane fikk lære om kva karrieremoglegheiter dei har i fylket. Karrieredagane i Volda er eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Høgskulen i Volda, opplæringskontor, videregående

Skular og bedrifter.

6101 Volda

tlf. 70 07 50 00

Besøksadresse

Jopllassvegen 11

6103 Volda

postmottak@hivolda.no

hivolda.no

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5929&module=news>

Rapport om karakterar i humanistiske fag

Khrono har referert til ein artikkel om karaktersetning ved universitet og høgskular og har kome til at det er ein utbreidd tendens til å gje "for gode" karakterar ved at interne sensorar har ein tendens til å gje betre karakterar enn eksterne sensorar. Volda var også med i undersøkinga og hovudtala ser ikkje ut til å vere annleis enn den nasjonale trenden. Det kan sjå ut til at sensorrettleiing kan vere eit sentralt verktøy for å sikre einsarta karaktergjeving.

Les meir i Khrono: <https://khrono.no/2017/10/karakterbruk-i-hoyere-utdanning?nav=forside>

Phd-utvalet blir styrt frå Volda

Ph.d.-utdanninga: Ph.d.-programmet i helse og sosialfag vert dei to neste åra administrert frå Høgskulen i Volda, Avdeling for samfunnsfag og historie. Professor Tor-Johan Ekeland er leiar i ph.d.-utvalet og sekretær for utvalet er Gunnvor Bakke. Utdanninga har også skifta namn og heiter no: "Ph.d. i helse- og sosialfag. Profesjonsutøving - vilkår og utvikling". Ph.d.-programmet er eit fellesprogram i lag med Høgskolen i Molde og professor Stål Bjørkly (HiMolde) er nestleiar i ph.d.-utvalet.

Nettsidene til ph.d.-utdanninga: <http://www.hivolda.no/phd>

Lokale lønsforhandlingar

Oktober er månad for lokale lønsforhandlingar. Etter planen skal forhandlingane vere ferdig 18. oktober.

Skal du ha ein akademisk poster?

Høgskulen i Volda har utvikla malar på korleis akademiske Posters (plakatar) skal sjå ut. Alle som er tilknytt høgskulen kan få hjelp frå Kontor for samfunnskontakt for utforming og trykking av poster. Sjå meir her: [Akademiske posters](#).

Kontor for samfunnskontakt forvaltar høgskulens grafiske profil og kan hjelpe til med utforming også av andre trykksaker. Bruk av logo, annonsering og produksjon av trykksaker til eksternt bruk skal godkjennast av Kontor for samfunnskontakt før produksjon, sjå [Profilhandboka](#).

Internseminar om rus

Det lokale rusmiljøet er i endring. Dette blir tema på internseminar torsdag 9. november kl 9-11 i Berte Kanutte, vesle auditorium. Alle tilsette har fått invitasjon om å delta. AKAN-utvalet/Arbeidsmiljøutvalet står som arrangør og det blir innleiingar frå lensmannskontoret og studentrådgivar på SiVolda.

Nytilsette og tilsette som har fått faste stillingar/endra stilling:

Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning: Professor Jorunn Hetland, professor II Markku Sakari Hannula, professor II Bjørn Smestad, professor II Sigrun Ertesvåg, førsteamanuensis Eirik Søvik, høgskulelektor Jonas Velde, høgskulelektor Annette Kjøde Egset, høgskulelektor Marit Brekke, høgskulelektor Jostein Garcia de Presno, høgskulelektor Liv Elisabeth Rygg, høgskulelektor Randi Lyngbø Ottesen, stipendiat Kim-Daniel Vattøy.

Avdeling for kulturfag: Høgskulelektor Ingeborg Marie Stige, førstekonsulent Catarina Andersson.

Avdeling for mediefag: Professor II Johan Oscar Westlund, førsteamanuensis Burcu Peksevgen, førstelektor Tormod Utne,

Avdeling for samfunnsfag og historie: Høgskulelektor Betina Haug Olson, høgskulelærer Ellen Aarseth.

Leiinga og fellesadministrasjonen: Direktør Karen Fredrikke Lomeland Jacobsen, lærling Elias Slinning.

Nynorsksenteret: Rådgjevar Heidi Fagna.

Tilsette som har slutta ved Høgskulen i Volda: Per Gunnar Flø, Randi Holsvik, Jacob Kjøde Jr., Gunnar Schelderup Strøm, Henning Bauer Westbye, Aud Marit Sofie Wigg, Reidun Aambø, Espen Stadsnes, Sverre Kjetil Rød, Øystein Edvardsen Hide.

Nytt på rektorbloggen

[Biblioteka på Vestlandet: Færre bøker – fleire studentar](#)
[FoU-prisvinnar 2017: Tor Arne Haugen. Les takketalen.](#)
[Forskning i postfakta-samfunnet](#)

HVO i media

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende/presseklipp>

HVO-kalenderen næraste vekene:

26. okt. [Barnehagekonferansen i Møre og Romsdal, 2017](#)
26. okt. [Styreseminar og styremøte 6/2017](#)
31. okt. [Utdanningsdagane 2017](#)
8. nov. [Fagdag: Autismespekterforstyrrelsar hos barn og unge](#)
7. des. [Styremøte 7/2017](#)